



Teigen Bygg & Trelast AS
Opsangervegen 18

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2019/3294-10		02.09.2021

IGANGSETJINGSLØYVE - EITT-TRINNSSØKNAD – delegert vedtak

Tiltak:	Nye bygg – tre naust i rekke, murar, parkeringsplasser og veg
Gnr/bnr:	146/124
Byggestad/adresse:	5450 SUNDE I SUNNHORDLAND
Tiltakshavar:	Elna Marie Fludal, Toralivegen 52, 5450 Sunde i Sunnhordland
Ansvarleg søkjar:	TEIGEN BYGG & TRELAST AS, Opsangervegen 18, 5460 HUSNES
Matrikkel:	Pr naust: BTA: 40 m ² - BYA: 40 m ² – BRA: 35 m ²

Delegert vedtaksnr.: 2021/506

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 02.07.2021/02.09.2021 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

- Teigen Bygg & trelast AS
- Hauge Forskaling AS
- Into Røyr AS

Vilkår:

1. Utstikkingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Sjå vilkår i tilknytingsløyve frå Eining for Vatn og Avløp, datert 02.07.2021.

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og



miljøkrav og tekniske krav.

- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.

- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndar.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søker som skal varsle utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlarsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Torill Slåke
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Tiltakshavar
Referatsak forvaltningsutvalet
Matrikkelen
Sektor for teknikk og miljø